


Drivkraft

Investerings- og utdelingsstrategi for Stiftinga Drivkraft

Fastsett av styret i Stiftinga Drivkraft 26. mars 2026

Skipa av



Drivkraft

drivkraft.no



Gode idéar skal opp og fram. Vi er Drivkraft for vekst og innovasjon i heile Sogn og Fjordane.

Luft under vengane
for *gode* idéar

Innhald

Innhald.....	3
Innleiing og rettsleg rammeverk	4
Føremål og overordna prinsipp	5
Utdelingar og føremålsretta aktivitetar	6
Tidlegfaseinvesteringar (Startups og gründerbedrifter)	8
Vekstinvesteringar i etablerte bedrifter	9
Generelle forvaltingsprinsipp og bakgrunn	10

Innleiing og rettsleg rammeverk

Stiftinga Drivkraft er skipa i 2025 av Sparebank 1 Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, med vedteksfesta formål om å legge til rette for nyskaping og vekst i Sogn og Fjordane gjennom å stille med kapital, kompetanse og nettverk, samt iverksette tiltak og aktivitetar som bidrar til etablering og vidareutvikling av næringsverksemd og entreprenørskap.

Denne investerings- og utdelingsstrategien er utarbeidd for å legge til rette for at Stiftinga Drivkraft gjennom forvaltinga av sin kapital oppfyller stiftinga sitt formål og at alle tildelingar og investeringar skjer i samsvar med vedtektene, samtidig som ein sørger for ei forsvarleg, langsiktig kapitalforvaltning og rimeleg balanse mellom avkastning, risiko og formål (jmf Stiftingslova §§ 18 og 19). Strategien byggjer også på at stiftinga skal vere i posisjon til å kunne motta framtidige gåvetildelingar frå stiftarane, jamfør allmennytte-omgrepet og finansforetakslova.

Strategien er vedteken av styret i Stiftinga Drivkraft 26. mars 2026, med førehandsinnhenta uttale frå representantskapet i stiftinga (jmf vedtektene). Strategien vil vere førande for Drivkraft sitt arbeid, og skal ajourførast årleg.

Føremål og overordna prinsipp

Stiftinga Drivkraft har som føremål å legge til rette for nyskaping og vekst i Sogn og Fjordane gjennom kapital, kompetanse og nettverk. Stiftinga sine investeringar og kapitalforvaltninga for øvrig skal:


- støtte opp under **regional verdiskaping og sysselsetjing**
- sikre **berekraftig forvaltning** over tid
- ha **forsvarleg risikoprofil** og god diversifisering
- vere i **samsvar med gjeldande regelverk**

Investerings- og utdelingsstrategien er eit sentralt rammeverk for oppnå formålet i Drivkraft. Formålet skal realiserast gjennom tre hovudspor:

1. **Utdelingar og føremålsretta aktivitetar** er reine pengegåver med allmennyttig føremål eller tiltak i stiftinga sin eigen regi som ikkje meint å gi kapitalavkastning tilbake til stiftinga.
2. **Tidlegfaseinvesteringar** som gir ei lågare forventa avkastning. Dette er typisk investeringar (såkornkapital mm) i heilt nye bedrifter med høgare risiko og lågare forventa avkastning.
3. **Vekstinvesteringar** knytt til eksisterande bedrifter i Sogn og Fjordane, som også skal gi ei forventa avkastning som over tid bidreg til å ta vare på og auke løfteevna i stiftinga.

Tentativ fordelingsprofil mellom dei tre hovudspora framgår av kakediagrammet til høgre. Fordelinga skal vurderast jamnleg i lys av kapitaltilgang, erfaringar og strategiske behov i regionen. Løns- og driftskostnadar i Stiftinga blir fordelt etter føremål i diagrammet.


Fordeling mellom prioriterte område (startprofil i år 1-3)



I samsvar med § 3 i vedtektene skal Stiftinga Drivkraft som hovudregel investere saman med andre, og primært gjennom fond og strukturerte investeringsinitiativ. Dette er valt som hovudmodell for å handtere kompetanse-, kapasitets- og risikorammer i investeringsverksemda.

Sjå nærare omtale av modellar for hhv tidlegfaseinvesteringar og vekstinvesteringar på side 8-9, og samla oversikt over bedrifter Stiftinga Drivkraft har investeringar i på side 11.

Utdelingar og føremålsretta aktivitetar



I tråd med stiftinga sitt formål og dei strukturelle behova som er identifiserte i dialog med næringslivet i Sogn og Fjordane, kan Drivkraft nytte utdelingar og støtte til tiltak som styrker økosystemet for nyskaping, vekst og eigarskap.

Utdelingane skal i hovudsak ha ein utløysande, koordinerande og kapasitetsbyggjande funksjon, ikkje erstatte ordinære offentlege støtteordningar.

Drivkraft kan også gjennomføre tiltak i eigen regi som styrker økosystemet for nyskaping, vekst og eigarskap - såkalla **føremålsretta aktivitetar**.

Kriteria for vurdering er dei same for utdelingar og føremålsretta aktivitetar.

Utdelingar i form av gåver, tilskot eller tildelingar skal vere:

- 1. Direkte retta mot stiftinga sitt formål**
- 2. Bidra til nyskaping, kompetansebygging og utvikling i regionen.**

Utdelingane skal ikkje setje stiftinga si langsiktige kapitalberande evne i fare og ramma skal vurderast årleg i samanheng med avkasting og kapitalgrunnlag.

I samsvar med stiftelseslova ligg kompetansen til å vedta utdelingar fullt ut til styret. Alle utdelingar, uavhengig av storleik, skal vedtakast av styret etter førebudd saksframstilling.

Dagleg leiar har ikkje fullmakt til å fatte vedtak om utdelingar på vegner av stiftinga.

Overordna skal utdelingar og føremålsretta aktivitetar kunne innebere å gi gåver og stipend til forskning, utdanning og annan allmennyttig aktivitet i regionen, til dømes følgjande:

- **Bygging av investornettverk og «sosial infrastruktur»**
Bygge opp møteplassar, nettverk, program eller initiativ som koplkar kapital, kompetanse og eigarskap på tvers av gründerar, etablerte bedrifter, investorar og eksterne partnarar – regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- **Koordinerande og økosystembyggjande tiltak**
Prosjekt eller funksjonar der Drivkraft tek ei nøytral, samlande rolle som bidreg til betre koordinering av aktørar i verkemiddelapparatet for næringsutvikling, og som styrker gjennomføringsevna i regionen.

Drivkraft

- **Kommunikasjon og synleggjering av næringslivet i regionen**

Støtte til tiltak som løftar fram gründerar, etablerte bedrifter og næringslivsmiljø i Sogn og Fjordane, med mål om å byggje stoltheit, tiltrekkje kapital og synleggjere samanhengen mellom samfunnsutvikling og næringsutvikling.

- **Stipend til allmennyttige formål**

Gåver og stipend til forskning, utdanning og annan allmennyttig aktivitet i regionen


- **Idèstipend**

Reine pengeutdelingar som etter søknad i opne søknadsrunder kan tildelast både enkeltpersonar og selskap med behov for kapital til konkrete utviklingsaktivitetar som til dømes:

- testing og pilotering av idéar
- produkt- og tenesteutvikling
- kompetanseheving
- nettverksbygging
- førebuing til vidare vekst


Utdelingar til slike tiltak skal vurderast ut frå stiftinga sitt formål, samfunnseffekt, utløysande kraft og langsiktig verdiskaping - og sjåast i samheng med Drivkraft si investeringsverksemd og rolle som regional kapital- og kompetansehub.

Tidlegfaseinvesteringar (Startups og gründerbedrifter)



Målgruppe	<ul style="list-style-type: none">• Gründer- og oppstartsselskap med stort skaleringspotensial, teknologisk nyvinning eller marknadsløst potensial.
Investeringsnivå	<ul style="list-style-type: none">• Typisk 1-5 MNOK i kapitaltilførsel pr fondstildeling• Tildeling pr selskap følger det aktuelle fondet sine retningslinjer
Investeringsform	<ul style="list-style-type: none">• Eigenkapital (minoritetspostar) gjennom såkorn- eller tidligfaserundar.• Investeringar som støttar opp om strukturelle nettverk og co-investering med t.d. private engleinvestorar, regionale og nasjonale VC-/tidligfasefond.• Investeringar i tidlegfase skal skje ved at Drivkraft skyt inn kapital i tidlegfasefond med Sogn og Fjordane som nedslagsfelt/definert del av nedslagsfelt• Drivkraft skal ha som mål å ha påverknad ved t d styreplass i fonda ein går inn i
Investeringskriterium	<ul style="list-style-type: none">• Stør opp under stiftinga sitt formål og har klar relevans for verdiskaping i Sogn og Fjordane• Sterkt team og skaleringspotensial• Teknologi/produkt med marknadspotensial• Klare exit-scenario eller vidare finansieringsplanar• Matching av Drivkraft sin kapital med minst 2x
Forventa avkastning	<ul style="list-style-type: none">• Desse investeringane er å rekne som formålsinvesteringar for Drivkraft, men investeringane skal skje primært gjennom tidlegfasefond som investerer i selskap på marknadsmessige vilkår.• Investeringsforventingar, avkastingskrav og forventa investeringsperiode vil følgje det aktuelle fondet.

Vekstinvesteringar i etablerte bedrifter



Dette er investeringar som i tillegg til å vere i tråd med stiftinga sitt formål, er meint å gi Drivkraft ei avkastning slik at kapitalbasen over tid kan utviklast og brukast til nye investeringar i tråd med stiftinga sitt formål.

Drivkraft sine investeringar i dette segmentet skal som hovudregel skje gjennom eit eige selskap som får tilført kapital frå Stiftinga Drivkraft og følgje ein eigen prosess med t d eit Advisoryboard som vurderer prosjekta opp mot ein fastsett modell, og bidrar med kompetanse. Ein kan også velje å knyte til seg rådgivarar som har ansvar for oppfølging og rådgiving.

Målgruppe	<ul style="list-style-type: none">• Etablerte bedrifter som treng kapital for å skalere, diversifisere/knoppskyte eller gjennomføre strategiske forbetringar i kjølvatnet av FoU-løp i bedrifta, IFU-prosjekt etc.
Investeringsnivå	<ul style="list-style-type: none">• Typisk frå 2-10 MNOK pr selskap
Investeringsform	<ul style="list-style-type: none">• Co-investering med andre private investorar• Investeringa skal være knytt til spesifikke satsingar og er avgrensa mot støtte til generell drift• Som hovudregel skal investeringane skje gjennom eit eige selskap som får tilført kapital frå Stiftinga Drivkraft
Investeringskriterium	<ul style="list-style-type: none">• Stør opp under stiftinga sitt formål og har klar relevans for verdiskaping og samfunnsutvikling i Sogn og Fjordane• Har lokalt forankra eigarskap• Har eit betydeleg vekstpotensial utover lokal marknad• Sikrar ei samla sett diversifisert og balansert portefølje-samansetning
Investeringsperiode	<ul style="list-style-type: none">• Vekstinvesteringar har som hovudregel ein middels lang investeringsperiode (minimum 3 år), der verksemdene har dokumentert drift og meir føreseielege utviklingsløp enn i tidlegfase• Investeringsperioden skal stå i rimeleg forhold til verksemda sitt vekstløp• Det skal som hovudregel ligge til grunn ein definert og realistisk exit-horisont
Aksjonærvtale	<ul style="list-style-type: none">• Klare vilkår for verdisetjing i ulike scenarie for sal av Drivkraft sin andel• Primært lokalt/regionalt eigarskap etter exit frå Drivkraft der det er muleg• Styrerepresentasjon, tag-along/ drag-along og minoritetsvern

Generelle forvaltingsprinsipp og bakgrunn

Prinsipp for forsvarleg generell kapitalforvaltning

Føremål	<p>Kapital i Stiftinga Drivkraft som til ei kvar tid <i>ikkje</i> er disponert til investeringar eller utdelingar skal forvaltast slik at:</p> <ul style="list-style-type: none">• Grunnkapitalen blir tatt vare på• Stiftinga har stabil driftsevne over tid• Risikoen er moderat og føreseieleg• Kapitalen er i rimelig grad likvid, slik at den kan nyttast til investering eller andre føremål når dette blir aktuelt
Hovudprinsipp	<ul style="list-style-type: none">• Kapital som ikkje er disponert til investeringar eller utdelingar skal plasserast i rentepapir, med mål om avkastning tilsvarande NIBOR + 1 prosentpoeng.

Minimumsdrift og finansielt beredskapsnivå

Føremål og beredskapsmodell	<p>Stiftinga skal ha ein minimum beredskapskapital på 20 mill NOK, for over tid å kunne oppretthalde ei grunnleggande drift på 1 mill kr årleg utan tilførsel av ny kapital:</p> <ul style="list-style-type: none">• Administrasjon på minimumsnivå (ingen fast tilsette)• Forvaltingskostnader• Aktivitet på minimumsnivå
Nedtrappings-scenario	<p>Ved bortfall av kapitaltilførsel skal:</p> <ul style="list-style-type: none">• Nye investeringar stoppast• Utdelingsnivå reduserast gradvis• Drift tilpassast over ein 2–3 års periode
Langsiktig mål	<ul style="list-style-type: none">• Sikre grunnkapitalen (5 mill NOK)• Finansiere minimumsdrift gjennom:<ul style="list-style-type: none">○ Avkastning frå beredskapskapital○ Utbytte frå vekstinvesteringar

Enkeltbedrifter som Stiftinga Drivkraft har investeringar i pr. april 2026

Enkeltinvesteringar	Kunnskapsparken Vestland (regionalt innovasjonsselskap) Aksjepost på 100 aksjar (1,5%) overdratt frå Sparebank1 Sogn og Fjordane
Tidlegfaseinvesteringar	Sogn og Fjordane Fondet AS (såkornfond/tidligfasefond) Aksjepost på 135 aksjar (45%) overdratt frå Sparebank1 Sogn og Fjordane Tidlegfasefond Vestland/CBAN Vestland Invest AS Aksjepost på 1 mill NOK kjøpt i 2026 (tilsvarer 1/60 av samla kapital i fondet)
Vekstinvesteringar	Drivkraft Kapital AS (ikkje etablert pr april 2026)